



MØTEBOK

Høyring om skatteoppkrevning - NOU 2004:12

Utval sak	Utval	Møtedato
071/04	Formannskapet	01.09.04
037/04	Kommunestyret	29.09.04

Vedlegg:

Høyringsbrev av 18.06.2004 frå Det Kongelege Finansdepartement

NOU 2004:12 Kapittel 2 Samandrag.

Brev av 02.07.2004 frå KS om NOU 2004:12

Samandrag:

Det er her spørsmål om kommunane skal ha innverknad på innfordring av eigne skattar, eller om ein berre skal motta et rammetilskot, som inntekter. Vidare er det spørsmål om regionalisering av oppgåvane med innfordring av skattar. Dette vi føra til færre arbeidsplassar i distriktsnorge. Utgiftene som kommunane vil spara, vil bli tatt igjen i form av reduserte rammer til kommunane.

Saksopplysningar:

Utvælet som skreiv NOU 2004:12 er delt mellom ein statlege og ein kommunal fraksjon. På Stortinget er det pr. dato et fleirtal som vil ha vidareføring av kommunal inndriving av skatt. KrF, SV, Venstre og AP har landsmøtevedtak på vidareføring av kommunal innkrevjing av skatt.

Vurdering:

Kommunen vil ikkje ha nokon gevinst med at staten overtek inndrivinga av skatt. Skatbetalarane i Fitjar vil ikkje ha nokon i lokalmiljøet til å samtala med når det gjeld eigne skattar, og innbetaling av desse.

Skatteoppkrevjaren er ein viktig bidragsytar med kompetanse, særleg på innkrevjing av uteslitt krav i kommunen. Skatteoppkrevjaren bidrar også til eit større kompetansemiljø, og dermed til å oppretthalde eit fleirfagleg miljø, i den kommunale administrasjon. Dette er ein av hovudutfordringane for mindre kommunar framover. Det er dokumentert at dagens sluttbetalingsordning fungerer godt.

Høg løysingsprosent / gode resultat.

Norsk skatteoppkrevning er i verdstoppen. Den kommunale skatteoppkrevjar klarer å innkreve mellom 99% og 100% av all utrekna skatt. Små kommunar har like gode innkrevjingsresultat som store kommunar. Dette skyldast at skatteoppkrevjing i det grunnleggjande dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skatteytar. Effekten av ei overføring til staten er ikkje utreda, og det er vanskeleg å kunne argumentera for at det er noko å tena på dette.

God rettssikkerhet.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevninga medfører god rettssikkerhet for skatteytar, mellom anna ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig deling mellom på den eine sida fastsetjing av skatt (likning) som ein statleg funksjon og på den andre sida innkrevjing av skatten i regi av kommunen.

God brukerservice.

Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjerkontora utøver god brukerservice. Ei landsomfattande undersøkking gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora scorar vesentleg betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjengelighet, kundebehandling, saksbehandlingstid og informasjon i saksbehandlinga. Eventuell statleggjering og sentralisering av skatteinnkrevninga vil såleis føra til dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa.

Kommunalt økonomisk sjølvstyre.

Det at kommunen framleis har ansvar for skatteinnkrevninga bidrar til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyre. Det er avgjerande for et levedyktig, lokalt demokrati å kunne ha verknad på eit inntektsgrunnlag, og det skal vera ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på lokale, offentlege budsjett. Forslaget om å gjeninnføre bedriftsskatt som kommunal inntektskjelde er eitt eksempel på et tiltak som er meint å etablere en slik positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommunane. Dersom ansvaret for innkrevjing vert overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunane dermed fell bort, reduserer ein kommunenes mulighet for å kunne påverke sitt innteksfundament, og framtidige inntektsreformer vil bli vanskeleggjort.

Folkevalt kontroll og innsyn.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevninga gir grunnlag for folkevalg innsyn og kontroll – mellom anna gjennom dei allereie etablerte skatteutvala. Eventuell statleggjering og sentralisering vil medføra et ”ugjennomsiktig” system med store, statlege sektorkontor – og redusert høve for folkevalg innsyn.

Effektiv drift og ressursbruk p.g.a. synergieffekter.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevninga medfører effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkreving kan gjennomførast i det same miljø som ivaretar kommunen si innkrevjing av kommunale avgifter og communal fakturering. Dermed blir det også mogeleg å oppretthalde levedyktige innkrevingsmiljø i dei små kommunene.

Distriktpolitiske hensyn ivareta.

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevingen har positive distriktpolitiske konsekvenser. Dagens desentraliserte lokalisering førar med seg at det oppretthalde innkrevingsmiljøer og arbeidsplassar i utkantstrøk og betyr også at lokalt næringsliv har kort veg til ein av sine viktigaste, offentlege samarbeidspartner. En eventuell statleggjering vil gå ut på sentralisering og ein reduksjon av talet kontor vil gå ned til ¼ av i dag, som vil ha negative distriktpolitiske konsekvens.

Eventuell statleggjering vil medføra betydelig overgangskostnader.

Statleggjering av skatteoppkreving vil medføre omfangsrike overgangskostnader. Det skal etablering nye kontor med dei etablerings-, drifts- og planleggingskostnader dette medfører. Innsparing på communal side ved å fjerne få tilsette i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap med dei andre i kommuneadministrasjon, blir små.

Tilsetjing, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevere vil bli ein stor utfordring. Statleggjering av skatteinnkrevingen kan medføre provenytap i en periode som vil strekke seg over fleire år.

Konsekvensane er ikkje tilstrekkeleg utgreidde.

Spørsmål om korleis ei eventuell statleggjering skal skje – mellom anna om dette vil kunne gjenomførast som ei ”virksomhetsoverdragelse” er i det heile ikkje nemnt i utgreiinga.

Framlegg til tilråding:

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune ber Stortinget vidareføre dagens ordning med kommunal inndriving av skattar og avgifter.

Dagens ordning fungerer godt, og bidreg til å oppretthalde ein god folkevald kontoroll med innkrevinga og effektiv innkreving som gir synergier til øvrig kommunal verksemd. Sentralisering av ordninga vil medføra overføring av arbeidsplassar og kompetanse frå distrikt til sentrale strøk, som går på kostnad av arbeids- og kompetansemiljø i kommunane.

Overføring av ordninga vil medføra monalege overgangskostnader, som burde kunna nyttast alternativt til å utvikle dagens funksjon i kommunane.

Fitjar kommune kan ikkje sjå at det er utgreidd korleis ei statleggjering skal skje, og kven som skal dekke meirkostnadene som vil påløpa for kommunane.

Ein føreset såleis at desse kostnadene blir kompensert fullt ut for kommunane.

Behandling i Formannskapet 01.09.2004:

Rådmannen kom med slik endring i tilrådinga siste linje:

Ein føreset såleis at eventuelle meirkostnader blir kompensert fullt ut for kommunane.

Tilråding i Formannskapet 01.09.2004 :

Fitjar kommune ber Stortinget vidareføre dagens ordning med kommunal inndriving av skattar og avgifter.

Dagens ordning fungerer godt, og bidreg til å oppretthalde ein god folkevald kontroll med innkrevinga og effektiv innkreving som gir synergier til øvrig kommunal verksemd.

Sentralisering av ordninga vil medføra overføring av arbeidsplassar og kompetanse frå distrikt til sentrale strøk, som går på kostnad av arbeids- og kompetansemiljø i kommunane.

Overføring av ordninga vil medføra monalege overgangskostnader, som burde kunna nyttast alternativt til å utvikle dagens funksjon i kommunane.

Fitjar kommune kan ikkje sjå at det er utgreidd korleis ei statleggjering skal skje, og kven som skal dekke meirkostnadene som vil påløpa for kommunane.

Ein føreset såleis at eventuelle meirkostnader blir kompensert fullt ut for kommunane.

Behandling i Kommunestyret 29.09.2004:**Vedtak i Kommunestyret 29.09.2004 : (Samrøystes)**

Som framlegg.



Atle Tørnes
Rådmann

Utskrift sendt:
Finansdepartementet
Kommunenes Sentralforbund